

Ringsvea – Storsvea (gnr. 68)

Ringsvea: Gardnamn der 1. leden er områdenamnet Ring, ei lita inngjerda beite- og/eller slåtteng. Namna Ringsvea og Storsvea hører elles til i den store gruppa av gardnamn der dativforma har gått over til å bli nemneforma.

I skrivne kjelder finn vi bruket ”Stoer Sveen” nemnt i 1668. Storsvea låg da under Langset og vart særskilt skyldsett for 1 ½ skinn. Av matrikkelframlegget for 1723 går det fram at Storsveen da var eit ”engeland” av skyld 1 ½ skinn som tilhørde Peder Larsen Suttestad, som og hadde bruksretten til Storsvea. Så går det lang tid før ein finn heilt sikre prov at det budde folk i ”Stoer Sveen”. Men det gjorde det i 1771, og husbondsfolket der heitte da Erland og Marit. Av Fåberg kyrkjebøker går det fram at dei i tidsrommet frå 1771 til 1774 fekk 2 born: Jens og Berit. I 1775 er det elles fortalt at det døde ein gut, Hans Erlandsen, der.

Namnet Ringsveen finn vi først brukt i 1792. Da var det dåpsbarn der, og foreldra heitte Ole og Marit, og barnet fekk namnet Ingeborg. To år seinare var det dåpsbarn hos Ole og Rønnaug i Ringsveen, og den vesle sonen vart døypt Ole. Frå same året er og ei kontrakt mellom Ole Olsen Ringsveen og Ole Olsen Lunde, der det går tydeleg fram at bruket i den tid vart kalla ”Ringsveen eller Storsveen”.

Ved folketellinga i 1801 budde det 2 familiar der på garden. det var: 1. familie: 1. Ole Olsen, husbonden, 40 år, 2. Rønnaug Paulsdatr., kona hans, 45 år, 3. Marit Olsdr., dotter deres, 9 år, 4 Ole Olsen, son deres, 7 år. 2. familie: 1. Iver Syversen, husmann med jord, 41 år, 2. Anne Baardsdr., kona hans, 46 år.

Femten år seinare var det atter dåpsbarn i Ringsveen, og barnet vart døypt Ole, og faren heitte Ole Olsen, men om det var senior eller junior som var barnefaren, let seg vanskeleg fastslå. – I matrikkelframlegget for Fåberg av 1819 er garden kalla Ringsvea, og det er oppgitt at buskapen av store husdyr der da var 5 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 10 tønner. Tjuge år seinare var i 1839 enka etter Ole Olsen som brukte Ringsvea. Ved matrikuleringa same året fekk ”Ringsveen (Storsveen)” nytt matr. nummer 155 og ny matr. skyld 1 skylddalar 17 skilling.

Av 1852 er eit tinglyst forlik der ”Ole Ringsveen avtræder sin Eiende Deel i en Sæterbolig i Nordsæteren til Amund Olsen Øversveen for 20 Spd.”

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Ringsveen opplyst at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid utgjorde 99 mål, og av dette var 15 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet på sjølve Ringsveen gard utgjorde 2 hestar, 5 naut, 12 sauer og 5 geiter, og dertil var det på husmannsplassen til garden 2 naut, 5 sauer og 1 geit. Vidare er det og oppgitt at utsæden i Ringsveen i den tid var kring 3 tønner korn og 3 ½ tn. settepoteter.

Fem år seinare gav i 1870 Ole Olsen Ringsveen skjøte til Ole Syversen Bottum for 365 rd. + eit føderåd verdsett til 13 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Ringsveen ell. Storsveen fekk da eige gardsnr. 68 av skyld 1,95 mark, og det var da Ole Syversen som var eigar og brukar av garden.

Sju år seinare var elles husbonden Ole Syversen Ringsveen død, og enka etter han, Oline Olsdtr., selde da garden til Jens Larsen Hindklev for kr. 4000,- og av dette 500 kr. for lausøyre.

Jens Larsen budde og i Ringsveen. Dette går fram av manntalet for kommunevalet i Fåberg 1901. Det budde da 2 personar der som hadde røysterett ved valet. Det var: 1. Gardbr. Jens Larsen Ringsveen, 46 år, 2. Helene Johannesdtr., husmoder, 46 år.

Om handlar med Ringsveen i seinare tid tek vi elles med at i 1910 tok sonen Ludv. Ringsveen over garden etter faren Jens Larsen Ringsveen.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det etter dette framleis eitt bruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). det var: Grn. 68, brn. 1 Ringsveen med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på tilsm. ca. 50 mål, som Ludvig Ringsveen framleis var eigar og brukar av.